

## Søknad om tilskot til Klima- og miljøtiltak for 2014

Send søknaden i posten til : Hordaland fylkeskommune, Sentralarkiv, PB 7900, 5020 Bergen,

Eller send elektronisk søknad til: [sentralarkivet@hfk.no](mailto:sentralarkivet@hfk.no).

Ver venleg å merke søknaden med: "Lokale tiltak – 2014" eller "Miljøorganisasjonar", Ref: 2014/10847"

**Søknadsfrist: 1.4.2014**

Sjå [www.hordaland.no/miljo](http://www.hordaland.no/miljo) for meir informasjon.

<b>Namn på tiltaket/prosjektet</b> Vassmiljøtiltak Åråsvågen	
<b>Namn på søker</b> Austrheim kommune	<b>Organisasjonsnummer</b> 948350823
<b>Adresse</b> Sætremarka 2	<b>Postnummer og Poststad</b> 5953 Austrheim
<b>Kontaktperson</b> Frode Hervik	<b>Telefon</b> 56162137
<b>E-post</b> frode.hervik@austrheim.kommune.no	<b>Kontonummer</b> 15941180407
<b>Totalkostnad</b> 2.497.750	<b>Søknadssum</b> 250.000
<b>Målet med prosjektet</b> Betre vasskvalitet i Åråsvågen ved kommunesenteret i Austrheim.	
<b>Kvar skal prosjektet skal gjennomførast ?</b> Åråsvågen ved kommunesenteret i Austrheim.	
<b>Samarbeidspartnarar –korleis tar dei del i prosjektet?</b> Bedrifta Kystlandsbyen AS er ein aktiv samarbeidspart, og tek ein betydeleg del av kostandane og vil stå for deler av gjennomføringa av tiltaket.	
<b>Tar kommunen del i prosjektet? Evt. korleis?</b> Austrheim kommunen bidreg med finansiering, organisering av arbeidet og er tiltakshavar.	
<b>Korleis bidrar tiltaket/prosjektet til betra miljø/berekraftig utvikling?</b> Tiltaket vil bidra til å forbetre vasskvaliteten i Åråsvågen. Dette vil vere viktig fordi vasskvaliteten i dag er dårleg med lågt oksygeninnhald og innhald av hydrogensulfid. Tiltaket vil også betre tilhøva for Kystbarnehagen, og gjere det meir attraktivt for Årås skule å nytte området.	
<b>Har de søkt midlar frå fylkeskommunen til dette tiltaket tidlegare?</b> <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Usikker	

<b>Planlagd start</b> Vår 2014 <b>Vår 2014</b>	<b>Planlagd slutt</b> Desember 2014
---	-------------------------------------

**Skildring av prosjektet** (maks ei halv side)

Åråsvågen er vågen inn til Austrheim kommunesentrum. Vågen har dårleg vasskvalitet på grunn av liten vassirkulasjon. Dette skuldast ein terskel og ujamne botntilhøve inst i vågen, jamfør vedlagt rapport. Konsekvensen er lågt oksygeninnhald og danning av hydrogensulfid. For å få betre vasskvalitet er det peika på ulike tiltak: utsprenging av terskel, utsprenging av kanal, mudring/utjamning av botntilhøva og rensing av utslepp, jamfør vedlegga.

Det er no mindre utslepp frå landbruk grunna nedlegging av drift, men framleis behov for tiltak for å få betre vassirkulasjon. Terskelen er lang gjennom eit smalt sund. Å sprengje denne vil derfor innebære eit omfattande inngrep som også vil vere svært kostbart. Det må også leggast til at terskelen har straumtilhøve som gir eit rikt naturmangfald i det marine området her.

Etter ei totalvurdering ynskjer Austrheim kommune derfor i første omgang å sprengje ut ein kanal og jamne ut botntilhøva i Åråsvågen, og søker om medfinansiering til desse tiltaka.

Åråsvågen er eit satsingsområde for trivsel og aktivitet. Kystbarnehagen har eigen båt der, og nyttar området mykje. Årås skule disponerer klasserom i «Daa-bua» innerst i Åråsvågen, og tiltaket vil gjere det meir attraktivt for skulen å nytte området. Dessutan er havsport eit satsingsområde i Austrheim, noko som gjer at mange barn og unge, samt vaksne, nyttar sjøen til aktivitetar.

Bedrifta Kystlandsbyen AS som er i gang med utbygging av bustadområde, samt areal til "mjuke" næringsverksemdar, vil vere med på å finansiere tiltaka. Austrheim kommune ser såleis føre seg eit spleiselag mellom kommune, stat, fylke og næringsliv.

(sjå vedlagt miljørapport og møtereferat for ytterlegare dokumentasjon).

### Budsjett med finansieringsplan

Forventa kostnader:		Forventa inntekter:	
Ekstern lønn, kjøp av tenester	Kr 225.000	Lokale miljøtiltak, HFK	Kr 250.000
Utsprenging av kanal	Kr 525.000	Miljødirektoratet	Kr 1.000.000
Mudring – Utjamning av botntilhøve	Kr 1.750.000	Kystlandsbyen AS	Kr 750.000
	Kr	Austrheim kommune	Kr 500.000
	Kr		Kr
	Kr		Kr
	Kr		Kr
<b>Sum kostnader</b>	Kr 2.500.000	<b>Sum inntekter</b>	Kr 2.500.000

Alle finansieringskjelder (som egne midlar, kommunale, fylkeskommunale, statlege og private tilskot, dugnader og gåver) skal spesifiserast. Budsjettet skal balansere.

*Søklarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport/status for bruk av tilskottet. Dette skal gjerast seinast 1. april 2015. Om søknaden ikkje er fullstendig utfylt eller det manglar relevante vedlegg, kan det ventast at han ikkje vert handsama.*

**Kontaktperson:**

Kjetil Sigvaldsen, [Kjetil.sigvaldsen@hfk.no](mailto:Kjetil.sigvaldsen@hfk.no), tlf. 55 37 80 11.